



VINJE

NERI HELGE FLOTHYL
FØRSVASSVEGEN 81
3895 EDLAND

Dato: 05.11.2025
Vår referanse: 2025/8291-2
Sakshandsamar: Thor Lars Christiansen

Delegert vedtak Plan- og miljøutvalet - nr.

Vedtak - 97/2 - Søknad om kommunalt tilskot til landbruksføremål - godkjent nydyrking

Vedtak

Vinje kommune, næringskontoret gjev Neri Helge Flothyl – i medhald av kommunalt regelverk for tilskot til landbruksføremål – tilsegn om tilskot kr 140 000,- for nydyrking på gnr. 97/2 som omsøkt. Det blir sett vilkår om arbeidsfrist den 1.11.2028. Sluttutbetaling skjer når arealet er tilsådd med frø eigna for grovfôr og oppmålt ved synfaring.

Bakgrunn:

Neri Helge Flothyk søker om kommunalt tilskot for nydyrking av 14 dekar til fulldyrka areal på sin eigedom gnr. 97/2 i Haukeli.

Arealet er i dag registrert som skog av middels bonitet. Arealet ligg lunt til og heller mot sydaust – og går ned i mot eksisterande jordbruksareal. Det er ikkje registrert myr. Garden driv med utleige av arealet til gardbrukar i nærleiken med drift av mjølkegeit..

Regional kulturminnemyndigheit har i tråd med nydyrkingsforskriften § 9 fått høve til å komme med uttale datert 8.2.2024. Dei var på synfaring synfaring 26.6.24 og sjekka ut området nær dyrkinga på 97/2. Det er meldt i frå at det ikkje blei påvist kulturminne i feltet for nydyrking, og synfaringa avkrefta det dei hadde sett spørsmålsteikn ved i samband med scannings e.l av området. Eit areal på om lag to dekar blir med andre ord frigjeve - og ein kan gje løyve til nydyrking av opphavleg søknad på 14 dekar. Dei gjer merksam om meldeplikta om det likevel skulle dukke opp freda kulturminne undervegs.

Gardbrukaren som leiger arealet har i samband med sin produksjon trong for lett drivne og godt arronderte areal. Dyrkingsfeltet er godt avgrensa, og vil ikkje sperre for tilkomst til anna areal. Dette er og eit område der det tidlegare har vore jordbruksdrift. Nydyrking vil derfor ut frå dette gje ei driftsmessig god løysing med gode og rasjonelle jordvidder.

Vinje kommune har i vedtak 26.3.2024 godkjent søknad om plan for nydyrking. Minner om at det må setjast att ei vegetasjonssone på seks meter mot vassdrag der det er aktuelt.

Søknaden er i tråd med reglar for kommunalt tilskot til landbruket – der ein no i år kan gje kr 10 000,- pr da for nydyrking. For denne søknaden utgjer det kr 140 000,-. Sluttbetaling skjer etter synfaring når arealet er tilsådd og blitt oppmålt.

Dokument i saka

Kart over dyrkingsfelt

Vedtak om godkjenning av plan for nydyrking – 26.3.2024

Søknad om tilskot for nydyrking – 30.10.2025

Med helsing

Thor Lars Christiansen

*landbruksrådgjevar
Kultur, næring og fritid*

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

NERI HELGE FLOTHYL

Informasjon om retten til å klage

Jf. forvaltningslova § 28, kan du klage på vedtaket. Klagefristen er tre veker rekna frå den dagen då brevet kom fram til mottakar. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut.

Klaga sender du skriftleg til Vinje kommune. Skriv kva for vedtak det klagast over, den eller dei endringane som er ynskjeleg og dei årsaker du vil gje for klaga. Dersom du klager så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, blir du beden om å gje opp dato då denne meldinga kom fram.

